

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten Per Lerøy (A) har stilt fylgjande spørsmål:

Kva kan Skyss gjera for å sikra elevar ved Austrheim vidaregåande skule betre skuleskyss?

Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen viser til svar på tilsvarande spørsmål, i MISA 9. mai 2018.

Fylkesrådmannen har forståing for ønsket om at skuleelevar skal ha kortast mogleg reisetid til og frå skulen, og ønsker at flest mogleg skal nytte seg at kollektivtilbodet. Det blir kvart år lagt ned eit vesentleg arbeid for å få dei om lag 20 000 elevane i fylket med rett til skyss til skulen på ein god måte, samtidig som skyssen skal gjennomførast innanfor økonomisk forsvarlege rammer. Dette inneber mellom anna at ein søker å samordne skuleskyssen med det ordinære kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande og sikre optimal utnytting av kollektivmidlane.

Det er ei utfordring å utforme eit kollektivtilbod som både har stor flatedekning (for å få med seg alle elevar og andre reisande) og rask framkomst, når ein har avgrensa midlar til rådvelde. Dette er ei stadig avveging for Skyss. I områder med stort passasjertilfang kan det vere grunnlag for utvida tilbod som ivaretek begge behov, som til dømes mellom Knarvik og Bergen sentrum. Det blir ofte lagt opp til at dei reisande får eit byte undervegs – for å samla sett gje eit best mogleg tilbod for flest mogleg av innbyggjarane. Til skular og i distriktsområde som dette, vil ein stort sett måtte prioritere midlane slik at ein får alle elevane og eventuelt andre reisande med – innanfor rimeleg reisetid. Samstundes er det slik at elevar med lang avstand mellom heim og skule må pårekna noko lengre samla reisetid.

Samstundes er fylkesrådmannen glad for at det å kome seg til og frå skulen om morgonen og ettermiddagen stort sett fungerer greitt for dei fleste av elevane. Skyss vil ta med seg innspela frå reisevaneundersøkinga i den vidare planlegginga, men per no ser ein at gjennomføring av tiltak for å gje raskare kollektivreiser til Austrheim vidaregåande skule anten vil medføre behov for auka økonomiske rammer, eller at ein prioriterer bort tilbodet i enkelte områder. Konkrete forslag til omprioriteringar vil gi eit betre grunnlag å vurdere tilpassingar i tilbodet.